

Sjekkliste for jaktlag ved skadeskyting.

- Kva skal eit jaktlag og ein jaktleiar gjere dersom det vert skote på eit dyr som ein ikkje finn att?

NB: Alle dyr som er påskotne skal reknast som trefte og skada inntil ein kan bevise det motsette. Det at skyttar meiner det var bom er ikkje nok til å friskmelde eit dyr!

A. Alle jegerar må vere instruerte i at dersom ein skyt på eit dyr og det ikkje ligger innan synsvidde, skal skyttaren varsle resten av jaktlaget om det som har skjedd og kva type dyr det er.

B. Skyttar kan leite etter dyret rundt skotplassen, men ikkje meir enn maks 200 m frå skotplass.

C. Dersom leiting rundt skotplass ikkje resulterer i funn, er det viktig at jaktleiar tek leiarskap og gjev klåre meldingar om kva som skjer vidare. Dette er ikkje tida for diskusjonar og demokrati.

D. Framgangsmåte og rutinar ved ettersøk: 1. Stogge jakta på alle andre dyr enn det som er skote på.

2. Sørg for at skotplass og staden der skyttar skaut i frå vert merka av.

3. Ring etter ettersøkshund/ekvipasje som valdet har avtale med.

Vakttelefonen til Stad Ettersøksring har nr **90 11 94 24**.

4. Skjerme skotplassen. Her skal ingen trakke rundt og øydelegge spor før ettersøksjeger kjem.

5. Skyttar bør vere tilgjengeleg på skotplassen når ettersøksjeger kjem.

6. Andre jegerar kan plasserast på aktuelle postar. Enten stader med god oversikt, eller i ei postrekke i den retning ein trur dyret har gått. Denne postrekka må vere i god avstand frå skotplassen.

7. La ettersøksjeger styre ettersøket når han/ho kjem. Jaktleiar har ei viktig rolle, men det er ettersøksjeger som er fagpersonen og den som har jobba mest med ettersøk.

8. Jaktleiar må gje klår melding til alle jegerar om å gjere som ein får beskjed om. Sitt i ro på post om man ikkje har fått beskjed om noko anna! Det har med tryggleik å gjere.

9. Ver klar over plikta i lowerket til å hjelpe til med ettersøk ut dagen etter påskytinga.

10. Dersom ettersøket er resultatlaust ved utløpet av dagen, skal kommunen og grunneigar varslast.

Avtal praktiske ting med ettersøksjeger.